



Error! Not
a valid
filename.

Møteprotokoll

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 07.09.2021
Møtestad: Kantina på rådhuset
Møtetid: 15:30 - 16:15

Kommunalsjef Helse og omsorg Monika Kvamme kjem for å snakka om Eldremeldinga.
Medlem i rådet Mette Ekornrød orienterer om innspel om trafikkisikring.
Elles blir det orientert om framgang for saker rådet har hatt oppe.

Klokka 17-18 er det fellesmøte saman med Eldrerådet, der kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug vil orientera om strategiarbeid.

Kommunestyret skal ha ei strategisamling i Kilstraumen 15. og 16. september, og vil ha med seg innspel frå råda dit.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ivar Bergsvik	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme

Odd Sigvald Øksnes
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
010/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/21	Godkjenning av møteprotokoll
012/21	Orienteringssak

010/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

07.09.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

RMNF - 010/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

011/21: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

07.09.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteprotokoll vart gjennomgått og kommentert punkt for punkt:

Mette Ekornrød sa at ho er i gang med eit innspel til fylket om fortau frå Mastrevik Tog og austover langs fylkesveg 565. Det trengst at det vert gjort noko her.
Semje i RMNF om at ein støttar dette innspelet.

Gro Johannessen sa at dette gjerne kan vera eit innspel frå Mette Ekornrød som kjenner dette personleg, men kan gjerne ha med eit vedlegg med støtte frå RMNF, og Eldrerådet (der ho er leiar) kan komma med eit tilsvarende innspel om støtte.

Odd Sigvald Øksnes sa at dette no er det mest presserande tiltaket som må komma på plass, med fortau frå Mastrevik og austover.

Øksnes tar jobben med å laga eit støtteskriv når Mette Ekornrød er klar med sitt brev.

Organisasjonskart for kommunen - møtesekretæren orienterte om at dette no er under utarbeiding.

Ann Kristin Leirvåg orienterte om utvikling av Arbeidssenteret:

· Det vert jobba med organisering/struktur for Arbeidssenteret, ny leiar Britt Silvia

Erstad Marøy jobbar med dette.

- Arbeidssenteret ser no på lokale på Kaland, tidlegare Fønnes Senter.
- Det er opna for å symja i bassenget på Kaland i løpet av arbeidstida på arbeidssenteret, to dagar i veka.
- Naturleg med vidare orientering frå Britt Silvia Erstad Marøy på neste møte i RMNF.
- Skal leggast til rette med arbeidsrom, sanserom, pauserom med meir, lokale som også kan brukast av andre, som møterom for ulike, opplegg for ungdommar.
- Austrheim Arbeidssenter er for dei som ikkje får plass på Aufera, men som kommunen må ha eit eige tilbod til, på grunnlag av arbeidsevne og liknande.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

RMNF - 011/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

012/21: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

07.09.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtesekretæren orienterte om at det no vert sett på utbetring av Internett-tilkomsten på Nordliheimen. Rådet gav oppgåve om å skriva til kommunen at ved utbygging av Fibernett til Nordliheimen og Vestlia, så må det takast med nett også til dei bustadene kommunen eig.

Kommunalsjef Monika Kvamme:

- Orienterte om arbeidet med innføring av omsorgsteknologi på Nordliheimen, meir som skal utviklast og på plass.
- Kjem tilbake til RMNF og Eldrerådet om arbeidet med Eldremeldinga som startar no. Tar kontakt med leiarane i råda om å delta i ei referansegruppe, saman med kommuneoverlegen og fleire andre. Er nye utfordringar, meir avansert pleie i heimen, og fleire eldre må bu heime lengre.
- Kjem med ei revidert eldremelding til kommunestyret før jul.
- Ser på korleis eldre kan bu heime med hjelpemiddel og brannsikring, får råd frå forvaltingskontoret saman med ergoterapeut.
- Sjå på kva tenester ein treng framover, kanskje ernæringsfysiolog?
- Orienterte om arbeidet med vaksinerings for Korona.
- Orienterte om etablering av samla teneste for fysioterapeut og ergoterapeut i lokale ved Mastrevik Torg. Også privatpraktiserande Roger Villanger etablerer seg der.

- Orientererte om bemanning legekantoret. Det er lyst ut ei tredje legestilling, og sjukepleiarar. Har tre Lis-legar der i dag.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- Satsar på Familiens Hus, med eit tettare samarbeid mellom tenestene.
- Ny kommunalsjef oppvekst er på plass frå desember.
- PPT-tenesta er i utviding med overføring av tilsett frå Masfjorden til Austrheim, for etablering av Fensfjorden PPT.
- Kommunen har vore gjennom ein prosess med å komma seg ut av Robek, men må spare vidare, for å sikra seg ein driftsreserve for uføresette utgifter.
- Satsar på ei digitalisering på 5 prosent årleg, jobba på ein annan måte i framtida for å verta meir effektiv.
- Demografisk er det utfordrande ved at 50 pluss aukar, får også fleire på over 80 år samstundes som det må vera midlar til å sikra dei som er unge.
- Er i gang med oppgradering av skulane, planlegg å vera klare til skulestart hausten 2022, har no fått skisser frå Norconsult, og skal ut på anbod med det arbeidet som skal gjerast.

Innspel frå Eldrerådet og RMNF til kommunedirektøren og kommunestyret, i samband med kommunestyret si strategisamling i midten av september (overlevert):

- Realisera planane som ligg klare for ein tursti tilknytt idrettsparken, som kan bli like flott som løypa til Vardetangen.
- Saknar fritidstilbod til dei på mellomtrinnet som ikkje er med i musikk/idrett. Skulle vore fleire tilbod som ungdomsklubben, som er uavhengig av bedehus og liknande.
- Laga møteplass for unge vaksne, ei gruppe som engasjerer seg gjennom borna, men treng tilbod utanom dette. Viktig for å få unge vaksne til å bli verande lengre.
- Kan kollegaer på arbeidsplassane bidra til at dei som kjem hit som rekrutterte, blir verande lengre?
- Må sikra seg arbeidsplassar, vera attraktive for nyetableringar og flytting av verksemder til Austrheim.
- Jobba for betre kollektivtrafikk, særleg i helgene. Siste buss frå Åsane går i 17-tida.
- Må få ordna billettsal på buss til dei som ikkje har smarttelefon med app.

Handsaming i rådet:

Tok orienteringa til vitande.

RMNF - 012/21 VEDTAK:

Orienteringane vert teke til vitande.
